

Fra: Sjøfartsmuseum - Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)

Sendt: 23.01.2017 10:50:04

Emne: Offentlig ettersyn - Bergenhus, Årstad og Fyllingsdalen bydel -Bybane, sentrum - Fyllingsdalen Delstrekning 1, Nonneseter Kronstad, områdereguleringsplan Plan-ID 64040000

Vedr. Offentlig ettersyn - Bergenhus, Årstad og Fyllingsdalen bydel -Bybane, sentrum - Fyllingsdalen Delstrekning 1, Nonneseter Kronstad, områdereguleringsplan Plan-ID 64040000. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 18.01. 2017. Me viser også til tidligare korrespondanse i saka. Marinarkeologiske rapport 07.10. 2016, fråsegn til Fylkesmannen 07.10. 2017, fråsegn 04.09. 2016.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Det er gjennomført marinarkeologiske registreringer i området. Kulturminnet som er kjend («Lok9») er innarbeida i planarbeidet som «Båndlegging etter lov om kulturminner» og er såleis hensynstatt i planarbeidet. Det var ikkje funne marinarkeologiske kulturminne elles i planområdet.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær / Marinarkeolog
eirik.soyland@sjofartsmuseum.no / 55 54 96 02



Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Sjofartsmuseum.no

Haakon Sheteligsplass 15, 5007 Bergen



From: Øystein Skår [mailto:Oystein.Skar@hfk.no]

Sent: Wednesday, January 18, 2017 1:12 PM

To: 'marinarkeologi@sjofartsmuseum.no'

Subject: Offentlig ettersyn - Bergenhus, Årstad og Fyllingsdalen bydel -Bybane, sentrum - Fyllingsdalen Delstrekning 1, Nonneseter Kronstad, områdereguleringsplan Plan-ID 64040000

Hei

Sender over reguleringsplan for bybanen Nonneseter-Fyllingsdalen for fråsegn.

På grunn av at alt haster så hadde det vært fint med et kjapt svar viss det er mulig.

Vi har et beslutningsmøte i morgen der vår del av teksten må være nokså klar.

Alle dokumenter i saken ligger her: <https://www.bergen.kommune.no/aktuelt/kunngjoringer/kunngjoring-142015>

mvh

Øystein Skår

Arkeolog

Fylkeskonservatoren

Kultur- og idrettsavdelinga

Tlf: 55 239176